



## MØTEPROTOKOLL

---

|                  |                                              |
|------------------|----------------------------------------------|
| <b>Utval:</b>    | Formannskapet                                |
| <b>Møtedato:</b> | 18.03.2026                                   |
| <b>Møtetid:</b>  | 09:15 - -13:50                               |
| <b>Møtestad:</b> | Kommunehuset, Sætremarka 2, Møterom Børilden |

---

### Frammøtte faste medlemmer

| Namn                         | Rolle        | Parti | Merknad |
|------------------------------|--------------|-------|---------|
| Morten Sognnes               | ordfører     | H     |         |
| Per Lerøy                    | varaordfører | AP    |         |
| Hege Ramsland                | medlem       | H     |         |
| Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn | medlem       | SP    |         |

### Faste medlemmer som ikkje møtte

| Namn                | Rolle | Parti |
|---------------------|-------|-------|
| Ann Kristin Leirvåg | MEDL  | AP    |

### Frammøtte varamedlemmer

| Namn              | Rolle | Parti | Merknad        |
|-------------------|-------|-------|----------------|
| Terje Håland      |       | AP    | Fram til 10.00 |
| Aslak André Bakke |       | H     | Frå 10.00      |

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

|                            |                           |
|----------------------------|---------------------------|
| Ketil Tjore                | møtesekretær              |
| Britt Mary Skaalevik Lerøy | kommunedirektør           |
| Odd Harald Dommersnes      | økonomi- og HR sjef       |
| Geir Underhaug             | Vestlandsrevisjon (gjest) |

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utval sleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore, møtesekretær

## Sakliste

| Saksnummer | Sakstittel                                                                                                | Unntak frå innsyn |
|------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------|
| PS 12/2026 | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                                     |                   |
| PS 13/2026 | Godkjenning av møteprotokoll frå 19. februar 2026                                                         |                   |
| PS 14/2026 | Referatsaker - formannskapet 18. mars                                                                     |                   |
| RS 3/2026  | Gjeldsrapport per 31. januar 2026                                                                         |                   |
| RS 4/2026  | Austrheim kommune - budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 (Statsforvaltar si godkjenning)                |                   |
| RS 5/2026  | Kommunegrafene - Februar 2026                                                                             |                   |
| RS 6/2026  | Gjeldsrapport per 28. februar 2026                                                                        |                   |
| PS 15/2026 | Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 20.01.2026 til 10.03.2026                                |                   |
| PS 16/2026 | Dispensasjon for plassering og bygging av fritidseigedom i regulert hyttefelt på gbnr. 157/110 - Bergsvik |                   |
| PS 17/2026 | Dispensasjon til bygging av altan på gbnr. 156/36 - Austrheim                                             |                   |
| PS 18/2026 | Dispensasjon til bygging av vinterhage på gbnr. 147/126 - Skoteneset på Toftegård                         |                   |
| OS 4/2026  | Orienteringar frå kommunedirektøren - Formannskapet 18. mars 2026                                         |                   |
| OS 5/2026  | Orientering frå ordførar - ny AVS - oppgradering av kai                                                   |                   |
| OS 6/2026  | Orientering frå ordførar - vurdering av innføring av bompengar på fylkesveg 565                           |                   |
| PS 19/2026 | Fonnes molokai – vurdering av drift og innkreving i samarbeid med Bergen Havn IKS                         |                   |
| PS 20/2026 | Kanserdalen - Ombygging av kjellar til hjelpemiddellager                                                  |                   |

|            |                                                                                                      |
|------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| PS 21/2026 | Finansiering av trafikkisikringstiltak på fv. 565<br>Skotneset/Kvalvågen                             |
| PS 22/2026 | Solend - Førland VA utbygging (Del 2)                                                                |
| PS 23/2026 | Økonomirapportering februar 2026                                                                     |
| PS 24/2026 | Evaluering av Levekårsutvalet                                                                        |
| PS 25/2026 | Utviding av IKTNH med tre nye kommunar: Etne,<br>Tysnes og Vindafjord, og endring av selskapsavtalen |
| PS 26/2026 | Oppretting av Regionrådet Nordhordland IPR                                                           |
| PS 27/2026 | Administrasjonsutvalet - forskjell mellom reglement<br>og realitet                                   |

## PS 12/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:  
Innkalling og sakliste vert godkjent.

**Sak 12/2026** Godkjenning av innkalling og sakliste  
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Terje Håland (Ap) møtte som vara for Ann Kristin Leirvåg (Ap), fram til klokka 10.00. Aslak André Bakke (H) var vara for Ann Kristin Leirvåg (Ap) frå klokka 10.00 og ut dagen.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 12/2026** Godkjenning av innkalling og sakliste  
Formannskapet - 18.03.2026

Innkalling og sakliste vart godkjent.

## PS 13/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 19. februar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:  
Møteprotokollen frå 19. februar blir godkjent.

**Sak 13/2026** Godkjenning av møteprotokoll frå 19. februar 2026  
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 13/2026** Godkjenning av møteprotokoll frå 19. februar 2026

Formannskapet - 18.03.2026

Møteprotokollen frå 19. februar vart godkjent.

PS 14/2026 Referatsaker - formannskapet 18. mars

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek referatsakene til vitande.

**Sak 14/2026** Referatsaker - formannskapet 18. mars

Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 14/2026** Referatsaker - formannskapet 18. mars

Formannskapet - 18.03.2026

Formannskapet tok referatsakene til vitande.

RS 3/2026 Gjeldsrapport per 31. januar 2026

RS 4/2026 Austrheim kommune - budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 (Statsforvaltar si godkjenning)

RS 5/2026 Kommunegrafene - Februar 2026

RS 6/2026 Gjeldsrapport per 28. februar 2026

PS 15/2026 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 20.01.2026 til 10.03.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:  
Formannskapet tar dei delegerte vedtaka til vitande.

**Sak 15/2026** Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 20.01.2026 til 10.03.2026  
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 15/2026** Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 20.01.2026 til 10.03.2026  
Formannskapet - 18.03.2026

Formannskapet tok dei delegerte vedtaka til vitande.

## PS 16/2026 Dispensasjon for plassering og bygging av fritidseigedom i regulert hyttefelt på gbnr. 157/110 - Bergsvik

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå reguleringsplan *Detaljregulering for Hyttefelt H06 Bergsvik, planid. 2006003* til omsøkt fritidsbustad og plassering av denne. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 29-4 og § 19-2, jf. § 12-4.

Vilkåret er at ei bod som kan byggjast på tomta her seinare maksimum kan verta på 10 m2 BRA og den må plasserast nord på tomta her.

**Sak 16/2026** Dispensasjon for plassering og bygging av fritidseigedom i regulert hyttefelt på gbnr. 157/110 - Bergsvik  
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 16/2026** Dispensasjon for plassering og bygging av fritidseigedom i regulert hyttefelt på gbnr. 157/110 - Bergsvik  
Formannskapet - 18.03.2026

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå reguleringsplan *Detaljregulering for Hyttefelt H06 Bergsvik, planid. 2006003* til omsøkt fritidsbustad og plassering av denne. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 29-4 og § 19-2, jf. § 12-4.

Vilkåret er at ei bod som kan byggjast på tomta her seinare maksimum kan verta på 10 m2 BRA og den må plasserast nord på tomta her.

## PS 17/2026 Dispensasjon til bygging av altan på gbnr. 156/36 - Austrheim

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel godkjent den 11.04.2019 for omsøkte bygging og plassering av altan på gbnr. 156/36.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12.

**Sak 17/2026** Dispensasjon til bygging av altan på gbnr. 156/36 - Austrheim  
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 17/2026** Dispensasjon til bygging av altan på gbnr. 156/36 - Austrheim  
Formannskapet - 18.03.2026

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel godkjent den 11.04.2019 for omsøkte bygging og plassering av altan på gbnr. 156/36.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12.

## PS 18/2026 Dispensasjon til bygging av vinterhage på gbnr. 147/126 - Skoteneset på Toftegård

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan som omsøkt til høgare utnyttingsgrad for bygging av vinterhage til ein bustad i ein tomannsbustad. Austrheim kommune gjev også dispensasjon til plassering av dette tilbygget på bustaden nærmare eigedomsgrensa enn 4 meter, branntryggleik vert ivareteke i byggjesøknaden. Grunngevinga er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 29-4 og § 19-2, jf. § 12-4.

**Sak 18/2026** Dispensasjon til bygging av vinterhage på gbnr. 147/126 - Skoteneset på Toftegård  
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 18/2026** Dispensasjon til bygging av vinterhage på gbnr. 147/126 - Skoteneset på Toftegård  
Formannskapet - 18.03.2026

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan som omsøkt til høgare utnyttingsgrad for bygging av vinterhage til ein bustad i ein tomannsbustad. Austrheim kommune gjev også dispensasjon til plassering av dette tilbygget på bustaden nærmare eigedomsgrensa enn 4 meter, branntryggleik vert ivareteke i byggjesøknaden. Grunngevinga er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 29-4 og § 19-2, jf. § 12-4.

## OS 4/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - Formannskapet 18. mars 2026

**Sak 4/2026** Orienteringar frå kommunedirektøren - Formannskapet 18. mars 2026  
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Geir Underhaug frå Vestlandsrevisjon orienterte om arbeidet med forvaltningsrevisjonen om "Økonomistyring og kostnadsutvikling".

- Presentasjonen er lagt ved i saka.
- Viktig å ha møteplanar som er tilpassa opp mot tertialrapportering, for å ha mest mogleg oppdaterte tal.
- Forvaltningsrevisjonen skal vera klar til 7. mai i Kontrollutvalet, og kjem vidare til administrasjonen og dei folkevalde etter dette.
- Underhaug spurte dei folkevalde om korleis dei oppfattar Framsikt-verktøyet. Formannskapet svara at verktøyet kan vera noko vanskeleg å bruka, men den største utfordringa er at det vert endra tal frå prognosane til endeleg resultat, med store utslag. Noko av endringane som kjem har bakgrunn i inntektsutjamninga, der ein ikkje får oversikt over dette før resultata for alle kommunar er klart.

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om ulike saker:

- Status for arbeidet med inkludering av flyktningar, det blir jobba med å inkludera flyktningane i samband med sommarjobbbutlysingar.
- Status investeringar og prosjekt, det kjem orientering til kommunestyret i kommande møte om arbeidet med Solend - Førland. Kaland barnehage, framdrift som planlagt.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 4/2026** Orienteringar frå kommunedirektøren - Formannskapet 18. mars 2026

Formannskapet - 18.03.2026

Formannskapet tok orienteringane til vitande.

OS 5/2026 Orientering frå ordførar - ny AVS - oppgradering av kai

**Sak 5/2026** Orientering frå ordførar - ny AVS - oppgradering av kai

Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Er gjort miljøundersøkingar, rapporten vert sendt ut til formannskapet. Er noko miljøgifter inne på kaien, men ikkje på det arealet kommunen skal opparbeida, og tar uansett atterhald om at det ikkje skal vera kostnader for kommunen med oppreinskingar.

Fylkeskommunen ønskjer at kommunen tar på seg å utarbeida kaifronten. Har fått kostnadskalkyle på denne opparbeidinga på totalt kring to millionar for kaifront, tredekke på rørkaien, planering og asfaltering.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om slippen, Morten Sognnes svara at den skal vera som no.

Oppfattar at fylkeskommunen er positiv til denne tomte no med dei miljøprøvane, og der kommunen tar kaifronten.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om eigarskap til flytebryggene, Morten Sognnes svara at heile dette komplekset er noko ein kan løysa opp i same vendinga der ein rustar opp kaifronten framfor verftet. Semje i formannskapet om å prøva å løysa dette no, der det er dei folkevalde som forhandlar på vegner av kommunen.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om ein ventar med å overta kaifronten til fylket har bestemt seg for å bygga der, det støtta Per Lerøy (Ap).

Formannskapet meiner at dette arbeidet kan lånefinansierast.

Det vart sett opp eit nytt vedtaksframlegg

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 5/2026** Orientering frå ordførar - ny AVS - oppgradering av kai  
Formannskapet - 18.03.2026

Formannskapet går inn for å overta kaifronten framfor verftet i Mastrevikane, og opparbeida denne slik Vestland fylkeskommune har bedt om.

- Dette er med atterhald om at Vestland fylkeskommune gjer vedtak om å bygga ny vidaregåande skule på verft-tomta.
- Dette er med atterhald om at det ikkje er miljøgifter i grunnen som kommunen må ta kostnaden med å handtera.
- Det er ein føresetnad at ein i samband med overtakinga av kaifronten får avklart tidlegare klargjorte men ikkje effektuerte avtalar med Mastrevik Eigedomsselskap AS om flytebrygga ut frå 142/215 og hurtigbåtkaia på 142/76, med tilhøyrande areal.
- Forhandlingar vert gjennomført av folkevalde i formannskapet.

OS 6/2026 Orientering frå ordførar - vurdering av innføring av  
bompengar på fylkesveg 565

**Sak 6/2026** Orientering frå ordførar - vurdering av innføring av bompengar på fylkesveg  
565  
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H), orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Rundkjøring i Leirvågkrysset.
  - Per Lerøy (Ap) spurte om det er mogleg å forhandla med fylket om å redusera frå ei rundkjøring i Leirvågkrysset til eit avkjøringsfelt, med tanke på at det er planlagt å setta inn to ferjer med avgang kvar halvtime.
  - Morten Sognnes (H) sa at det er lagt opp til ein planvask, men fylket ønskjer rundkjøring.
  - Fleire i formannskapet viste til at dagens kryssløysing er ulukkesutsett, med mange som kjem med ferja og skal ut i krysset.
- Morten Sognnes (H) sa generelt at det eventuelt må jobbast med å få ned kostnadene på dei ulike prosjekta, gjennom planvask.

- Signalet frå fylkeskommunen er at dersom ein går inn for ei utviding av Nordhordlandspakken, så vil mykje av inntektene gå til prosjekt som allereie ligg i del 1 av pakken. Sognnes sa at ein likevel vil jobba vidare med Nordhordlandspakken parallelt, men at ein då må jobba for vedtak i dei andre kommunane om at Austrheim skal ha sin del av inntektene.
- Per Lerøy (Ap) viste til årsdøgnstrafikken er høgare ved rundkjøringa på Mongstad (3490 kjøretøy) enn E39 forbi Vikanes (2600)

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak. Legg opp til å diskutera denne saka i kommunestyret i heildagsmøtet 12. mai.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 6/2026** Orientering frå ordførar - vurdering av innføring av bompengar på fylkesveg 565

Formannskapet - 18.03.2026

Formannskapet tok orienteringa til vitande.

PS 19/2026 Fonnes molokai – vurdering av drift og innkreving i samarbeid med Bergen Havn IKS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune startar eit arbeid i dialog med Bergen Havn med mål om at Bergen Havn kan overta drift og vedlikehald av Fonnes molokai.

Dersom det ikkje let seg gjere å overføre drift og vedlikehald, vert det arbeidd vidare med ei løysing der Bergen Havn kan stå for innkreving av hamneavgifter knytt til bruk av kaien, der inntektene vert tilbakeført til Austrheim kommune og øyremerkt vedlikehald av Fonnes molokai.

**Sak 19/2026** Fonnes molokai – vurdering av drift og innkreving i samarbeid med Bergen Havn IKS

Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Formannskapet diskuterte kva som skjer med Bergen Hamn og ei eventuell lokalisering på Ågotnes i Øygarden, det var semje om at dette ikkje vil få konsekvensar for Austrheim.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 19/2026** Fonnes molokai – vurdering av drift og innkreving i samarbeid med Bergen Havn IKS  
Formannskapet - 18.03.2026

Austrheim kommune startar eit arbeid i dialog med Bergen Havn med mål om at Bergen Havn kan overta drift og vedlikehald av Fonnes molokai.

Dersom det ikkje let seg gjere å overføre drift og vedlikehald, vert det arbeidd vidare med ei løysing der Bergen Havn kan stå for innkreving av hamneavgifter knytt til bruk av kaien, der inntektene vert tilbakeført til Austrheim kommune og øyremerkt vedlikehald av Fonnes molokai.

## PS 20/2026 Kanserdalen - Ombygging av kjellar til hjelpemiddellager

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret vedtek at hjelpemiddellageret vert etablert i kommunale lokale gjennom ombygging av kjellaretasjen i teknisk drift sine lokale i Kanserdalen.
- 2.Ombygginga vert gjennomført av teknisk drift med eigeninnsats innanfor ei kostnadsramme på om lag 1 mill. kr eks. mva.
- 3.Tiltaket vert finansiert innanfor driftsrammene og delvis gjennom omdisponering av midlar som i dag er avsett til leige av lokale.

**Sak 20/2026** Kanserdalen - Ombygging av kjellar til hjelpemiddellager

Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Finansieringa skal vera innanfor ramma, med omdisponering av det som blir betalt som husleige i dag.
- Hege Ramsland (H) spurte om kostnaden på ein million kroner, Britt Skaalevik Lerøy sa at det er eit estimat, og at det sjølvstøtt er eit mål å bruka mindre.
- Per Lerøy (Ap) viste til at i denne kostnaden ligg det inne deling av lokalet med rein og skitten sone for reinhald av ulike hjelpemiddel.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 20/2026** Kanserdalen - Ombygging av kjellar til hjelpemiddellager

Formannskapet - 18.03.2026

1.Kommunestyret vedtek at hjelpemiddellageret vert etablert i kommunale lokale gjennom ombygging av kjellaretasjen i teknisk drift sine lokale i Kanserdalen.

2.Ombygginga vert gjennomført av teknisk drift med eigeninnsats innanfor ei kostnadsramme på om lag 1 mill. kr eks. mva.

3.Tiltaket vert finansiert innanfor driftsrammene og delvis gjennom omdisponering av midlar som i dag er avsett til leige av lokale.

## PS 21/2026 Finansiering av trafikksikringstiltak på fv. 565 Skotneset/Kvalvågen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune tek imot tilskot på kr 200 000 frå Samferdselsdepartementet til fartsdempande tiltak på fv. 565 ved Skotneset og Kvalvågen.

For å sikre naudsynt eigenfinansiering vert det gjort følgjande omdisponering:

1. Det vert løyvd kr 200 000 i kommunal eigenfinansiering til prosjektet «Fartsdempande tiltak fv. 565 Skotneset/Kvalvågen».
2. Kr 134 000 vert omdisponert frå investeringsprosjekt for asfaltering av kommunale vegar.
3. Kr 66 000 vert finansiert frå kommunen sitt trafikksikringsfond.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med føresetnadene i tilsegnsbrevet frå Statens vegvesen.

**Sak 21/2026** Finansiering av trafikksikringstiltak på fv. 565 Skotneset/Kvalvågen  
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om finansiering frå fond, og viste til at det er sagt tidlegare at desse midlane ikkje kunne brukast til fartshumpar og andre fysiske tiltak.
- Hege Ramsland (H) spurte om prisen for desse fartshumpane, det var semje i formannskapet om at kommunen må jobba for å få gjennomført dette på rimelegaste måte.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 21/2026** Finansiering av trafikksikringstiltak på fv. 565 Skotneset/Kvalvågen  
Formannskapet - 18.03.2026

Austrheim kommune tek imot tilskot på kr 200 000 frå Samferdselsdepartementet til fartsdempande tiltak på fv. 565 ved Skotneset og Kvalvågen.

For å sikre naudsynt eigenfinansiering vert det gjort følgjande omdisponering:

1. Det vert løyvd kr 200 000 i kommunal eigenfinansiering til prosjektet «Fartsdempande tiltak fv. 565 Skotneset/Kvalvågen».
2. Kr 134 000 vert omdisponert frå investeringsprosjekt for asfaltering av kommunale vegar.
3. Kr 66 000 vert finansiert frå kommunen sitt trafikksikringsfond.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med føresetnadene i tilsegnsbrevet frå Statens vegvesen.

**PS 22/2026 Solend - Førland VA utbygging (Del 2)**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren vurderer at vidare utbygging av del 2 av Solend-Førland VA prosjekt ikkje er økonomisk forsvarleg på noverande tidspunkt.

Tal potensielle abonnentar er avgrensa, og erfaring frå første del av prosjektet viser låg tilkoplingsgrad. Samstundes står kommunen framfor fleire naudsynte investeringar i avløpsinfrastruktur som bør prioriterast.

**Sak 22/2026** Solend - Førland VA utbygging (Del 2)  
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) spurte om 200 meter vatn og avlaup skal kosta 8,75 millionar kroner, om dette kan vera rett, og var kritisk til rapporten frå Sweco. Meiner vidare at det er feil at det ikkje er interesse for å kople seg på nettet. Viste til at i starten på prosjektet var det var bedt om framføring av vatn til Førland. Dette kunne ein gjort med ein firtoms leidning, det ville

vore nok til private og til brannvatn. Oppfordra til å gå i dialog med grunneigarane om å starta eit vasslag der kommunen går inn med anleggskostnader, og gjera det så rimeleg som mogleg med grøft over innmarka mot Førland.

Per Lerøy (Ap) gjekk inn for å avvisa prosjektet slik det ligg, men ønskjer å komma tilbake til saka når den kjem i kommunestyret, for å få fram vatn til Førland. Ber om om å framlagt kva kostnader som er brukt på Sweco i samband med denne saka.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) støtta Lerøy og sa at ein ønskjer å få fram vatn til Førland.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

### **Vedtak i sak 22/2026** Solend - Førland VA utbygging (Del 2)

Formannskapet - 18.03.2026

Vidare utbygging av del 2 av Solend–Førland VA prosjekt er ikkje økonomisk forsvarleg på noverande tidspunkt.

Tal potensielle abonnentar er avgrensa, og erfaring frå første del av prosjektet viser låg tilkoplingsgrad. Samstundes står kommunen framfor fleire naudsynte investeringar i avløpsinfrastruktur som bør prioriterast.

### **PS 23/2026** Økonomirapportering februar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tar orienteringa til vitande

### **Sak 23/2026** Økonomirapportering februar 2026

Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte, jamfør saksutgreiinga og jamfør referatsakene som gjeld økonomi (gjeldsrapportar og Statsforvaltar si godkjenning av budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029).

- Skatteinngangen i januar/februar 2026 er veldig god, mellom anna på grunn av ei omlegging til at ein får raskare overført til kommunen dei skatteinntektene som kommunen skal ha. I januar 2026 fekk kommunen betalt ut november/desember 2025, i februar 2026 kom skatteinntektene for januar 2026, medan i mars 2026 kjem skatteinntektene for februar 2026. Frå mars 2026 vil kommunen bli trekt i rammetilskotet til inntektsutjamninga med andre kommunar med lågare skatteinntekter.
- Per Lerøy (Ap) sa at det var skuffande at sjukefråværet går opp etter at det har vore fokus på nærværprosjekt.
- Morten Sognnes (H) sa at einingsleiarane må ha fokus på dette med sjukefråvær, og dersom det skuldast arbeidsmiljø så må ein ta fatt i dette.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

### **Vedtak i sak 23/2026** økonomirapportering februar 2026

Formannskapet - 18.03.2026

Formannskapet tok orienteringa til vitande

### PS 24/2026 Evaluering av Levekårsutvalet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet diskuterer seg fram til vedtak i møtet, for korleis ein vil jobba vidare med evalueringa av Levekårsutvalet.

## **Sak 24/2026** Evaluering av Levekårsutvalet

Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Morten Sognnes (H) oppfordra til at ein tar sikte på å gjera evalueringa ferdig til sommaren 2026.
- Per Lerøy (Ap) sa at det kanskje kan bli kort tid til juni 2026, men kan prøva å få dette til. Levekårsutvalet har starta sitt eige arbeid med evaluering.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for ordføraren sitt framlegg til vedtak

## **Vedtak i sak 24/2026** Evaluering av Levekårsutvalet

Formannskapet - 18.03.2026

Evalueringa av levekårsutvalet startar opp no, og ein tar sikte på å gjera evalueringa ferdig til sommaren 2026.

PS 25/2026 Utviding av IKTNH med tre nye kommunar: Etne, Tysnes og Vindafjord, og endring av selskapsavtalen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Austrheim kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane, Etne, Tysnes og Vindafjord.
- 2.Austrheim kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

**Sak 25/2026** Utviding av IKTNH med tre nye kommunar: Etne, Tysnes og Vindafjord, og endring av selskapsavtalen  
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Er sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå vidare på kor mange kommunar IKT NH kan klara å handtera, utover dagens medlemmer og dei tre som no skal inn (Etne, Tysnes og Vindafjord)

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 25/2026** Utviding av IKTNH med tre nye kommunar: Etne, Tysnes og Vindafjord, og endring av selskapsavtalen  
Formannskapet - 18.03.2026

1. Austrheim kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap vert utvida med kommunane Etne, Tysnes og Vindafjord.
2. Austrheim kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap slik den ligg føre.

PS 26/2026 Oppretting av Regionrådet Nordhordland IPR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar at verksemda til Regionrådet Nordhordland vert regulert som eit interkommunalt politisk råd (IPR), jamfør kommunelova, kapittel 18.
2. Kommunestyret vedtek «Samarbeidsavtale for Regionrådet Nordhordland IPR» slik den ligg føre.

**Sak 26/2026** Oppretting av Regionrådet Nordhordland IPR

Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 26/2026** Oppretting av Regionrådet Nordhordland IPR

Formannskapet - 18.03.2026

1. Kommunestyret vedtar at verksemda til Regionrådet Nordhordland vert regulert som eit interkommunalt politisk råd (IPR), jamfør kommunelova, kapittel 18.
2. Kommunestyret vedtek «Samarbeidsavtale for Regionrådet Nordhordland IPR» slik den ligg føre.

PS 27/2026 Administrasjonsutvalet - forskjell mellom reglement og realitet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonsutvalet blir ut perioden organisert som no, med formannskapet sine fem medlemmer og to frå arbeidstakarorganisasjonane.

**Sak 5/2026** Administrasjonsutvalet - forskjell mellom reglement og realitet

Administrasjonsutvalet - 19.02.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) sa at han var samd i å la dette venta til neste periode, men at ein då må vera sikker på at det vert velt eit administrasjonsutval som er i tråd med reglementet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak i sak 5/2026** Administrasjonsutvalet - forskjell mellom reglement og realitet  
Administrasjonsutvalet - 19.02.2026

Administrasjonsutvalet blir ut perioden organisert som no, med formannskapet sine fem medlemmer og to frå arbeidstakarorganisasjonane.

**Sak 27/2026** Administrasjonsutvalet - forskjell mellom reglement og realitet  
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Per Lerøy (Ap) sa at han går inn for å halda på dagens faktiske organisering ut perioden.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

**Vedtak i sak 27/2026** Administrasjonsutvalet - forskjell mellom reglement og realitet  
Formannskapet - 18.03.2026

Administrasjonsutvalet blir ut perioden organisert som no, med formannskapet sine fem medlemmer og to frå arbeidstakarorganisasjonane.